

Doktor Haugen slik du minnest han 31.

01.01.2015



Det måtte han jo vite!**Denne historia er frå ein familie som budde i Skålagato. Hendinga skjedde i 1940.**

Mora i huset kokte graut, og då skjedde det uheldige at den 2 år gamle sonen stakk handa nedi grautgryta, og dermed brende han seg stygt.

Dette skjedde i kveldinga, og faren treiv guten med seg og sprang den korte vegen til doktoren.

Då han møtte på Haugen, fekk faren beskjed om at han måtte komma i kontortida. Forsiktig av seg som han var, tusla han heim att med guten med uforretta sak.

Dette godtok ikkje mora. Ho ville ikkje gje seg, tok med seg guten og stilte på nytt hos doktor Haugen. Ho fekk same beskjed som mannen om at ho måtte komma i kontortida.

- Men dette var ikkje gjort i kontortida, bad mora.

- Det måtte han ha sagt, svara dr. Haugen, og så ordna han opp på beste måte.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Frå Kvinnhersminne 2003